



## Arna sokneråd

Org.nr. 976 994 418

Kyrkjerådet  
Postboks 799 Sentrum  
0106 OSLO

Arna, 6. april 2018

Høyring frå Arna sokneråd om

### Justering av hovudgudstenesta og allmenne bestemningar

Ein god del av kommentarane/ justeringane synest vi er ok. Dei har vi ikkje skrive noko om.

#### Høyringstema 1

**a)** Totalt vurdert har gudstenestereforma påverka gudstenestelivet i Arna kyrkjelyd på ein positiv måte. Det viktigaste har vore at reforma gav oss eit insitament til å omorganisera dei uløna medarbeidarane ved å oppretta gudstenestegrupper, og samtidig involvera fleire.

**b)** Vi har sakna gode føringar på korleis gudstenester retta mot born bør sjå ut.

**d)** I vår kyrkjelyd har vi 7-8 temagudstenester i året; dei kjem i staden for dei vanlege hovudgudstenestene. Dei har eit breiare musikalsk tilfang (gjerne band), og lyfter fram tema som i vår konkrete kyrkjelyd bør lyftast fram – fordi dei høyrer til dei svakaste sidene våre (i vår har temaet vore givarteneste). Vi opplever ikkje å ha bruk for endå meir variasjon enn dette.

#### Høyringstema 3

Generelt reagerer vi negativt på ein del svært detaljerte forskrifter (t.d. ledd 13 Preike) om korleis ting skal gjerast – og som ikkje overlet noko som helst fagleg skjøn til prest og kantor (og dei frivillige gudstenestemedhjelparane). Det gjeld òg **d) Ledd 3 Helsing**, om tidspunkt folk skal setja seg. Det som er føreslått gjer berre folk utrygge og redde for å «dumma seg ut». Det verkar igjen ekskluderande. Liturgen bør i alle høve gi teikn til at kyrkjelyden skal setja seg. Det vil alltid vera nokon som ikkje «veit» det.

**e) Ledd 4 Samlingsbøn.** Vi har inntrykk at samlingsbøna er blitt godt etablert, og at det vil opplevast som eit sagn å sløyfa bøna. Men samlingsbøn + syndevedkjenning + dagens bøn kan nok opplevast som «smør på flesk». Vi synest det er ein betre idé å oppmoda til større bruk av dagens bøn som samlingsbøn. Då blir det samtidig ein god samanheng mellom 2 setningar under «helsing» om kva dagen/ gudstenesta handlar om, og samlingsbøna. Vi ser gjerne at samlingsbøna er fast, og dagens bøn valfri. Ein detalj: Vi skjønar ikkje kvifor vi ikkje lenger skal be i Jesu namn på dette punktet.

**i) Dagens bøn.** Jf. ovf om samlingsbøn. Sjølv om det er lang historisk tradisjon å be denne bøna like før skriftlesingane, meiner vi at det pedagogisk er betre å la bøna komma tidlegare – for rett å slett hjelpa kyrkjelyden til å finn «den raude tråden» i akkurat denne gudstenesta.

Når det gjeld sjølve bønene, er det mange gode formuleringar(!), men vi reagere negativt på gjennomgåande manglande bruk av «som» (jf. hebraisk «'asjær» i t.d. Sal 103).

Døme frå bøn for 2. påskedag: Dersom ein seier: «Oppstadne Frelsar, Jesus Kristus, du **som** viste deg for menneske som var blinda av sorg, vi bed deg:», blir dette til ei flott lovprising.

Når ein i staden seier: «Oppstadne Frelsar Jesus Kristus, du viste deg for menneske som var blinda av sorg», har det form av ei saksopplysing til Herren, som sit i sin himmel og nikkar og tenkjer: «Det er riktig; eg gjorde akkurat det».

#### Høyringstema 4

**c) Ledd 12 Evangelium.** Vi meiner at hallelujaomkvedet, slik det er skissert, mange stader vil fungera framandgjerande. Vi meiner difor at det bør vera valfritt, og alternativt med salme – som no. Når det gjeld høgtidsvers på førstedagar, bør dei ikkje avgrensast til dei 3 som er nemnde.

**d) Ledd 13 Preike.** Vår erfaring er at meditativ musikk mellom preike og truvedkjenning i enkelte tilfelle kan fungera svært godt. Vi meiner at det framleis bør vera høve til dette.

**f) Ledd 15 Salme.** Vi er positive for å opna opp for å syngja salmen før truvedkjenninga.

**i) Ledd 17 Forbøn.** Vi registrerer at det ikkje lenger skal vera høve til å kombinera nattverd og bønemandring. Vi skjønar sjølv sagt det teologiske resonnementet, men har samtidig opplevd at kombinasjonen bønemandring – nattverd (og takkoffer) kan fungera svært godt (vi har fleire gonger gjort det slik i gudstenester knytt til trusopplæringstiltak). Når det er mykje folk, kan nattverden ta ganske lang tid. Å – i same gudsteneste - først ha bønemandring og deretter «nattverdmandring», vil ikkje fungera. Resultatet blir enten bønemandring eller nattverd.

#### Høyringstema 5

**c)** Vi er generelt skeptiske til la **takkofferet** vera ein del av nattverden. Visst er det eit offer og ei gudsteneste og eit uttrykk for at vi gir oss sjølve! (2 Kor 8-9), og det er i høgste grad meiningsfullt å be: «Av ditt eige gjev vi deg attende». Men spranget frå pengane som er lagde på altaret til «liksom kornet har vorte eitt i brødet og druene i vinen» er for stor. (Hadde vi bore fram naturalia, kunne dette vore meiningsfullt).

Men dette har også ei praktisk side: Det verkar som det ikkje lenger er mogeleg å ha ofring rundt altaret når det er nattverd i gudstenesta. Dersom ein tenkjer å leggja til rette for born, vil dette verka negativt. For barnefamiliar kan jo det å ta seg «ein tur rundt altaret» vera ein kjærkomen måte å få røra litt på seg - på «lovleg» måte.

Erfaringar frå andre stader fortel at det ikkje er lett å skulle konsentrera seg om å syngja, samtidig som ein skal fiska fram pengar eller finna fram mobilen og vippsa. Konsekvensane er dårleg forsamlingsong.

Vi ynskjer m.a.o. at det skal vera som no.

#### Høyringstema 6

**Mysteriet i trua.** Vår erfaring er at dette leddet fungerer veldig bra – og då utan: Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden. Denne i og for seg vakre formuleringa (frå 1920-liturgien) må ein svært gjerne finna plass til, men ho høyrer ikkje heime akkurat her. Difor er vi imot dei nye føringane.

#### Høyringstema 7

**Ledd 24 Utsending.** Dei ulike skriftorda som er knytte til utsendingsorda «Gå i fred» er alle gode. Vi meiner likevel at det også skal vera mogeleg å velja andre skriftord/ formuleringar når temaet/ dagen inviterer til det - først og fremst fordi det kan hjelpa kyrkjelyden til å oppleva gudstenesta som ein heilskap.